



Saksbehandlar: Tove Anita Berget, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 18/6013-1

Oppdaterte rabattar og vilkår for kollektivtrafikken

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Rabattar og vilkår vert godkjent slik dei ligg føre i vedlegg og gjort gjeldande frå 01.07.2018.

Vedlegg:

Rabattar og Vilkår Kringom 010718

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I dag har vi eit sett med rabattar og reisevilkår som gjeld for buss, eit sett som gjeld for lokalbåt og eit tredje sett som gjeld for hurtigbåt. I tillegg har dei kommersielle aktørene kvar sine sett med rabattordningar og vilkår, samt at det finst eit sett som gjeld for ferjer i fylket.

Dette gjer det komplisert for den reisande å orientere seg om kva reglar som gjeld for si reise.

I Regional Transportplan 2018-2027 er eit av delmåla for kollektiv at "Det skal vere enkelt å reise kollektivt". I strategien for å nå delmåla heiter det at "Det skal være enkelt for den reisande å finne informasjon om reisa si og kjøpe billett"ⁱ.

Fylkesdirektøren ønskjer difor å forenkle rabattane og vilkåra som gjeld for fylkeskommunen sine buss- og båtruter.

2. Saka og sentrale problemstillingar

Vilkåra blir gjort enklare ved å utforme eit dokument som gjeld for reisande både på båt og buss i fylket. Dei gjeldande rabattane og vilkåra har ikkje vore revidert dei siste åra og fylkesdirektøren meiner det er behov for å oppdatere desse no.

I praksis inneheld ikkje det nye dokumentet store endringar. Dei fleste endringane handlar om å få sams begrepsapparat og definisjonar på mellom anna kundekategoriar, og at sjølv dokumentet får eit meir oppdatert formspråk som blir enklare for dei reisande å forstå.

I utgangspunktet ønskjer vi at rabattar og vilkår skal være identiske for reiser med buss og båt, men i denne omgangen er ikkje dette mogleg. Dette er fordi det er bindingar knytt til anbod på båt. Vi får difor diverre ikkje ei full harmonisering mellom buss og båt før dagens båtanbod skal

ⁱ Regional Transportplan Sogn og Fjordane 2018-2027, side 36

lysast ut på nytt. I samband med dette bør vi ta ein ny gjennomgang av rabattar og vilkår for å få felles reglar for buss og båt.

Det vil også vere ulikskapar mellom kommersielle aktørar sine takstsett og fylkeskommunale takstsett. Inntil vidare legg dei kommersielle aktørane fylkeskommunale takstsett til grunn på fylkesinterne reiser.

3. Vurderingar og konsekvensar

Arbeidet med å komme fram til oppdaterte rabattar og vilkår

Vilkår for reiser med ferjer og for transport med rutegåande busstrafikk i Noreg er nedfelt i nasjonale retningslinjer som ligg til grunn for dei nye reisevilkåra.

I tillegg er det i arbeidet brukt nasjonale anbefalingar og rapportar på temaet rabattkategoriar. Dette inkluderer Vegdirektoratets anbefaling "På veg mot nasjonalt takstsysteem", Urbanet Analyse sin rapport "Et harmonisert nasjonalt takstsysteem – Muligheter for økt attraktivitet og bruk av kollektivtransport?" som er laga på oppdrag av samferdsledepartementet, og Sintefrapporten "Harmonisering av kundekategorier og produkter i sømløse kollektivreiser".

Fylkeskommunen har også kartlagt Hordaland/Skyss/Bybanen, Nettbuss, Nor-Way og Ruter sine rabattkategoriar, samt sett på Håndbok 206 Elektronisk Billettering frå Statens Vegvesen.

Forslaget på nye rabattar og vilkår er sendt ut til operatørane for uttale før det er sendt til politisk handsaming, og dei innspela operatørane har kome med er innarbeida i forslaget.

På bakgrunn av desse kjeldene har fylkeskommunen foreslått ei presisering av sine kundekategoriar tett opp til dei nasjonale føringane.

Positive konsekvensar med oppdaterte rabattar og vilkår

- Ved samordning av rabattar og vilkår for båt og buss i eit dokument vil ein få eit felles regelsett for store delar av kollektivtrafikken i fylket. Det blir enklare for den reisande, for fylkeskommunen og for operatørane som skal handheve regelverket.
- Ei opprydding i fylkeskommunen sine rabattar og vilkår vil også vere ein fordel i arbeidet med fylkessamanslåinga og gjere arbeidet med ei samkjøring mellom fylka enklare.
- Det har kome ønskje frå operatørar om å få presisert dei gjeldande reglane. Dei oppdaterte vilkåra inneheld presiseringar som gjer det enklare for operatørane å handheve dei gjeldande reglane.
- I RTP er eit av tiltaka for kollektiv å legge til rette for gode billettprodukt og betalingsløysingar, her under høve til å finne pris på si reise og kjøpe billett på førehand. Denne oppryddinga i rabattar og vilkår vil gjere arbeidet med å få opp ei løysing for sal av billettar på nett enklare.

Største endringar i oppdaterte rabattar og vilkår

Fylkeskommunen ønskjer å gjere ei større endring i billettkategoriene på buss. Vi har tidlegare operert med kategoriene minigruppe (2-8 personar) som har fått 25 % rabatt og gruppe (9 eller fleire personar) som har fått 33 % rabatt. Det er no foreslått å slå saman kategoriene til eit produkt: Gruppe (2 eller fleire personar) som får 25 % rabatt på vaksen- eller barnetakst.

Det er også lagt inn klarare retningslinjer for refusjon og tilbakebetaling av pant på kort etter ønskje frå operatørar.

Endringane som er foreslått er av ein slik art at det ikkje får økonomiske konsekvensar.

3. Konklusjon

For å gjere reisevilkår og rabattordningar enklare å forstå for den reisande vert det vedteke nye rabattar og vilkår som gjeld for reiser på buss og båt i Sogn og Fjordane.